

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 16/2566-5

## **Eigarposisjon i Fjord1 AS - Utbetalingane til Advokatfirmaet Wiersholm og DHT Corporate Services AS - Vurdering av avtale**

### **Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Saka vart teken opp i møtet, og er dermed utan tilråding

#### Vedlegg:

- E-post frå SF revisjon datert 5. april 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalet vedtok 3. mars 2016 i KU-sak 19/16 følgjande:

1. Kontrollutvalet meiner at rutine og fakturakontrollen som har vorte gjennomført i samband med utbetalingane til Wiersholm og DHT, har vore tilfredsstillande til å ivareta utbetalingane sin rettmessighet. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at fylkeskommunen sine eigne rutinar, eller lov og forskrift, er broten i samband med utbetalingane. Kontrollutvalet ser ikkje grunnlag for å gjennomføre ytterlegare undersøkingar eller kontrollhandlingar i saka.
2. Kontrollutvalet ber om at SF Revisjon gjer ei vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DHT opp imot Lov om offentlege anskaffingar, inkl. korleis tilleggsoppdraga forhold seg til føresegnene.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Saka vart bestilt av SF revisjon IKS etter samtale med revisjonsselskapet og semje om at dette var innanfor selskapskontrollområdet, der fylkeskommunen nyttar SF revisjon IKS.

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok 5. april e-post frå SF revisjon, der selskapet gjer greie for at dei ikkje har tid eller rette ressursar til oppdraget, og seier dermed oppdraget frå seg.

Kontrollutvalet må i møtet finne ei alternativ løysing til oppdraget som kontrollutvalet vedtok i KU-sak 19/16.

